


KONFIRMASJON og konfirmasjonstid

I DEN NORSKE KYRKJA



Bispemøtet




DEN NORSKE KIRKE

Bispemøtet

Postadresse: Pb. 799 Sentrum, 0106 Oslo
Besøksadresse: Rådhusgata 1-3, Oslo (Kirkens hus, 5. etg)

E-post: bispemotet@kirken.no
www.kirken.no/bm

Bispemøtet november 2020. 1. opplag.



Innhold

Forord	4
Konfirmasjon og konfirmasjonstid i Den norske kyrkja	5
Konfirmasjon – ei viktig tid i livet	8
Stadfesta – av kven og til kva?	10
Konfirmasjon – forbønn og velsigning	11
Konfirmasjon – ei påminning om kva dåpen tyder	13
Konfirmasjon, dåp og nattverd	14
Vaksne konfirmantar	15
Dåp, konfirmasjon og fadderrolla	16
Konfirmasjon – eit bilete på Guds nåde	17
Inkluderande konfirmasjon	18
Om konfirmasjonsgudstenesta	19
Etter konfirmasjonen	20

Forord

Konfirmasjon i Den norske kyrkja har lange tradisjonar som både kyrkjeleg handling og livsfaserite. Kvart år blir tusentals ungdommar i landet konfirmert i kyrkja vår. Konfirmasjonstida byr på moglegheit til å utforske mange viktige sider av livet saman med andre.

Bispemøtet vart i 2019 spurt av Kyrkerådet om å greia ut det teologiske grunnlaget for konfirmasjon. Biskopane vart samde om å ikkje utarbeide eit større teologisk materiale om konfirmasjonen, då dette er godt beskrive allereie. Derimot ønskte dei å utarbeide eit ressurshefte som særleg aktualiserer dei sidene ved konfirmasjonen som synleggjer kor relevant han er i dagens samfunn og som belyser eit utval av aktuelle teologiske problemstillingar.

Dette heftet er med andre ord ikkje ein utfyllande teologi om konfirmasjonen, men ein tekst som kan bidra til refleksjon blant heile breidda av kyrkjelege tilsette, frivillige, sokneråd og andre interesserte.

Vi presenterer ressursheftet *Konfirmasjon og konfirmasjonstid* fordi vi ønskjer å stimulere til samtale i kyrkjelydene om konfirmasjon som handling. Vi håper at vi kan stå saman som kyrkje om å vidareutvikle konfirmasjonen og framleis vie han stor merksemd.

Olav Fykse Tveit
Preses i Bispemøtet

Konfirmasjon og konfirmasjonstid i Den norske kyrkja

I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande. Med tre handfullar vatn blir vi døypte til eit liv med Kristus. Livet med Kristus er eit liv i vekst og modning, der vi stadig utforskar sanningane i den kristne trua. I konfirmasjonsgudstenesta blir det sagt: «Til den kristne trua er de døypte. I den kristne trua er de opplærte. Kom no fram til Herrens altar, så vi kan be for kvar einskild av dykk i Jesu namn.» Slik ser vi samanhangen mellom konfirmasjonen, dåpen og livet: Dåpen gir oss del i Guds nåde, ein nåde konfirmasjonen minner oss om og lærer oss meir om – ein nåde som varer livet igjennom.

Kvart år søker tusenvis av ungdommar til kyrkja for å bli konfirmerte. Kyrkja skal vere ein trygg stad som gir livsmot, rom for undring og tru, og ei stadfesting for ungdommar som går igjennom ein av dei mest definerande fasane i livet. Konfirmasjonstida gir hjelp til livsmeistring og styrkjer sjølvkjensla til den einskilte. Med forankring i dåpen og med læring og refleksjon kring dei store spørsmåla i livet skal ungdommane rustast til eit liv i den kristne trua, til å ha omtanke for kvarandre, kjenne seg trygge på seg sjølve og vere visse på Guds kjærleik og nåde.

I 2020 har kyrkja gjennom korona-pandemien igjen blitt mint om den posisjonen konfirmasjon har i samfunnet. Kyrkja forvaltar ein livsrite som årleg samlar store delar av folket til gudsteneste, og som gir ungdom eit høve til å tolke og reflektere over sitt eige liv og si eiga tru i den ramma kyrkja si trusopplæring gir. Med dette dokumentet ønskjer Bispemøtet å stimulere til samtale i kyrkjelydane om konfirmasjon som handling og som modning, med ønske om at vi står saman som kyrkje om å vidareutvikle og framleis gi konfirmasjonen stor merksemd.



Foto: Robert D. T. Høland






Foto: Bo Mathisen

Konfirmasjon

– ei viktig tid i livet

Dei aller fleste blir konfirmerte det året dei fyller 15 år. Ungdomstida er ei brytingstid der kroppen endrar seg, sosiale relasjonar endrar seg, og dei krava samfunnet set, kjem tydelegare til syne. Ungdommane skal skape sin eigen identitet og stadig ta nye val. Konfirmasjonstida kan gi gode impulsar og vere ei viktig markering i ei elles krevjande tid.

Historisk har konfirmasjonen fungert som ein overgangsrite frå barndom til vaksenliv. Slike ritar har vore, og er, viktige ikkje berre i ein kristen kontekst, men på tvers av religionar og kulturar. I norsk kristenliv blei dette synleggjort ved at det først var etter at ein var konfirmert, at ein kunne ta imot nattverd.

Som følgje av at vaksenlivet gjerne begynner seinare i det norske samfunnet no enn tidlegare, er den reelle funksjonen konfirmasjonen har som overgangsrite, blitt svekt. I siste halvdel av det 20. hundreåret blei ungdomstida etablert som ein eigen fase mellom barndom og vaksenliv.

Ungdomstida er i seg sjølv ei forlengd og sekulær overgangstid, og kyrkja sitt konfirmasjonstilbod er plassert midt i denne lange overgangstida.

Ungdomstida som overgangsfase er både ei forlenging av barndommen og ei føregriping av vaksenlivet. Ungdom ber kjenneteikn både frå barndom og frå vaksenliv. Det trygge og umyndige tilværet i barndommen blir gradvis brote mot sjølvstende og ansvar som høyrer vaksenlivet til. Mange gjer i denne fasen også val for livet knytte til utdanning og tru.

Trass i desse samfunnsendringane har konfirmasjonen halde stand som rite i samfunnet. At det frå byrjinga av 1950-åra har vore tilbode borgarleg/humanistisk konfirmasjon og i dag finst

mange ulike konfirmasjonstilbod, har truleg medverka til å halde oppe statusen til konfirmasjonen som eit allment kulturelt fenomen i Noreg. Det er framleis eit behov for å markere særlege hendingar i livet.

Ungdomstida er ei spesiell tid. Med konfirmasjonen ønskjer kyrkja å vere til stades med rettleiing og gi rom for refleksjon, håp og tru. Å forstå konfirmasjonen som livsfaserite må derfor framleis reknast som eit sentralt perspektiv. Kyrkja skal gi rom for og leggje til rette for at menneske skal finne mening i og kjenne seg trygge i kyrkja si tru og i kyrkjelege ritual. Vi kan derfor seie at konfirmasjonen kan ha ei dobbel tyding, både som ei teologisk-kyrkjeleg handling og som ein kulturell livsfaserite. Dette finn gjenklang i barnedåpen, som har ei teologisk tyding, men òg fungerer som ein livsfaserite der ein feirar eit liv som er blitt til.

Overgangsrite og livsfaserite kan forståast som synonym, men å omtale konfirmasjon som ein livsfaserite tydeleggjer at dette er ei handling og ei tid som er særleg spesiell, sidan ho kjem på eit bestemt tidspunkt i livet heller enn å markere ein overgang mellom to stadium. Konfirmantane vil vere på ulike stadium i puberteten når dei blir konfirmerte, og der somme vil vere modne for alderen, vil andre framleis berre vere i byrjinga av ungdomstida. Alle vil i alle høve vere prega av at det blir stilt andre forventningar til dei enn tidlegare, og det kan vere utfordrande å orientere seg og finne sin plass både i familie, blant venner og på skulen. Samlingane gjennom konfirmasjonstida bør derfor ta innover seg den variasjonen som finst, og dei utfordringane kvar einskild konfirmant bringar inn i fellesskapen, spegle att røyndommen deira, vere ein positiv faktor i konfirmantane sitt liv og gi dei tryggleik og tru på seg sjølve og på Kristus.



Når vi ser på konfirmasjonen som livsfaserite, legg vi større vekt på konfirmasjonshandlinga enn på konfirmasjonstida. Det ser vi i oppslutninga om den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta: Kvart år er det fleire som deltek i ei konfirmasjonsgudsteneste, enn som går i kyrkja på julaftan. Det er gledeleg at menneske søker til kyrkja for dei viktige hendingane i livet. Å omfamne konfirmasjonen som rite er ikkje å gjere den kyrkjelege forståinga av konfirmasjonen mindre viktig. Kyrkja synleggjer denne feiringa ved å bruke den kvite liturgiske fargen for fest.

Konfirmasjonen som ein viktig kulturell rite blir òg synleggjort i lokalsamfunna. Mange stader trykkjer lokalavisa namnelister og bilete av konfirmantane, og i heile nabolag kan det bli flagga for konfirmantane. Idrettslag og andre aktivitetstilbod tilpassar seg ofte konfirmasjonsførebuingane, og på konfirmasjonsdagen er byen eller bygda prega av menneske pynta til fest. Med takksemd forvaltar kyrkja konfirmasjonen også som ein tydeleg kulturberar i samfunnet.



Foto: Bo Mathisen

Stadfesta

– av kven og til kva?

Ordet konfirmasjon kjem av latinsk confirmatio, som tyder å stadfeste eller å styrkje. Når ein snakkar om konfirmasjon som stadfesting, tenkjer ein gjerne på at det er dåpen som blir stadfesta, og/eller at det er konfirmannten som stadfestar si tru. Den førstnemnde forståinga kan sporast tilbake til den førreformatoriske, sakramentale forståinga av konfirmasjon, der biskopen fullbyrda dåpen ved sin konfirmasjon (krismering). Den sistnemnde forståinga viser til den tidlegare praksisen med at konfirmannten ved handslag vedkjende seg den apostoliske truvedkjenninga. Ingen av desse forståingane er fullt ut dekkjande for det synet Den norske kyrkja har på konfirmasjon i dag: Dåpen treng inga ytterlegare stadfesting enn den som blir gitt i sjølve dåpshandlinga, og deltaking i den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta må ikkje nødvendigvis forståast som ei vedkjenningshandling.

Samtidig står forståinga av konfirmasjon som stadfesting sterkt både i samfunnet og hos kvar einskild konfirquant, og gir òg meining kyrkjeleg sett. Mange forstår det å bli konfirmert som å stadfeste si tilhøyrse til Gud, og forståinga av at kyrkja stadfestar (forstått som å gjenta) dåpslovnadene, og at konfirquantane er elska av Gud, er meiningsfull.

Det vil òg vere fruktbart teologisk sett å forstå konfirmasjon ikkje berre som stadfesting, men heller ut frå den andre tydinga av ordet: å styrkje. Gjennom konfirmasjonstida, og i den avsluttande handlinga, får konfirmannten høve til å bli styrkt i sin kunnskap om den kristne trua, styrkt i si tru på den treeinige Gud, og styrkt i si tilhøyrse i den kristne fellesskapen. Dette vitnar ikkje om ei kvalitativ endring i konfirmannten

sin relasjon til Gud og til kyrkja etter at konfirmasjonstida er omme, men heller om at truslivet er ein prosess som går kontinuerleg, og som særleg blir aktualisert i konfirmasjonstida.

At det er fleire forståingar av kva ordet konfirmasjon viser til, kan få fram breidda i innhaldet i konfirmasjonen og medverkar heller til å opne tolkingshorisonten for handlinga enn å verke forstyrrende for kyrkja sin bodskap.



Foto: Thomas Berhorn

Konfirmasjon – forbønn og velsigning

Den norske kyrkja sitt mål for konfirmasjonstida er formulert i Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler (2010): «Målet for konfirmasjonstida er å vekke og styrkje trua som blir gitt i dåpen, slik at dei unge kan leve i forsaking og tru, tilbeding og teneste som Jesu Kristi disiplar i heim, kyrkjelyd og samfunn.»

Konfirmasjon er i dag ei kyrkjeleg handling som kan formast og forståast på ulike måtar, utan at ein slik ulikskap nødvendigvis vil ha læremessige konsekvensar. Gjennom konfirmasjonen tek kyrkja på alvor orda i dåpsbodet om å lære dei «å halda alt det eg har bode dykk» (Matt 28,20). Konfirmasjonen er verken byrjinga eller avslutninga på kyrkja sitt trusopplæringsarbeid, men er den mest sentrale delen både i omfang og status. Konfirmasjonen er ein integrert del i den livslange trusopplæringa. At ein er konfirmert, er ikkje avgjerande for den relasjonen ein person har til kyrkja, samfunnet eller Gud, og det er ikkje eit krav om at ein lyt vere konfirmert for å kunne ha vigsla stillingar i kyrkja.

Å kome fram for alteret og bli beden for med namns nemning og ta imot ei etterfølgjande velsigning er ei høgtideleg og meningsfull hending. Det er sentralt for oppdraget til kyrkja å gi konfirmantane opplæring i og gjere dei trygge på kva dei fekk i dåpen, og leggje til rette for at konfirmasjonstida kan vere ei tid for tilknytning. Meir enn andre trusopplæringstiltak legg konfirmasjonstida såleis til rette for å lære om kristendommen og utforske kyrkjelege praksisar over tid. Dette gir rom for refleksjon og ei kjensle av å høyre til som er eineståande i trusopplæringa. Erfaringar knytte til inkluderande konfirmasjonsopplegg, leiropphald osv. viser at kyrkjelydane bør leggje innsats og ressursar i konfirmantarbeidet for å skape

ein god læringsarena, gode opplevingar og høve til refleksjon og utvikling.

Konfirmasjon er ei forbønns- og velsigningshandling og inneheld òg eit handlingselement som ikkje på same måten er til stades ved anna forbønn. Ein kan derfor godt seie at konfirmasjon er forbønn, men dei fleste opplever det òg som noko meir. Dette kan vi kalle performativiteten til konfirmasjonen. Performativitet handlar om effekten eller verknaden av ei ytring eller ei språkleg handling. Fokuset blir meir på kva denne ytringa gjer med den som blir omslutta av ho, enn kva ho faktisk er eller tyder. Sjølv om konfirmanten ikkje er blitt endra etter konfirmasjonshandlinga, så er det likevel noko som er annleis. Dette at noko er «annleis», utgjer ein skilnad.

Slik sett kan ein seie at det er eit før og eit etter. Det ligg òg eit overgivingsmoment i sjølv konfirmasjonshandlinga (forbønna). Derfor skal vi ikkje sjå bort frå at konfirmasjonshandlinga gjer noko meir med den einskilde enn berre det konfirmasjonen er som forbønns og velsigningshandling.




Foto: Orlan Bertheisen

Konfirmasjon

– ei påminning om kva dåpen tyder

Konfirmasjonstida, og særleg den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta, aktualiserer òg dåpen på ein særleg måte.

Konfirmasjonen har opphavet sitt i dåpshandlinga og har gjennom heile kyrkjarahistoria vore knytt til denne handlinga. Luther forstod ikkje konfirmasjonen som eit sakrament, men konfirmasjonen blei likevel ikkje lausriven frå dåpen. Det er fordi ein er døypt, at det er behov for å bli opplært i dei kristne sanningane. For Luther utgjorde konfirmasjonen ei god ramme for dåpsopplæring.

Det er eit krav i Den norske kyrkja at ein lyt vere døypt for å kunne delta i den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta. Dette blir synleggjort i dåbspåminninga, og for dei som ber kvite kapper under konfirmasjonsgudstenesta, symboliserer kappene dåpskjolen.

Konfirmasjon er ikkje nødvendig for dåpen, men dåpen er nødvendig for konfirmasjonen. Utgangspunktet for konfirmasjonen er at ein er døypt til eit liv i tru, og konfirmasjonen gir høve til å lære om, fordjupe seg i og modnast i den trua ein er døypt til. Konfirmasjon og konfirmasjonstid er dermed ei aktualisering av dåpen: Dåpen og konsekvensane av dåpen blir lyfta fram, og ein får ei påminning om og ei opplæring i dåpen.

I dåpen får ein del i Guds rike og blir kalla til eit liv i teneste for Gud og verda. Når ein i konfirmasjonshandlinga og konfirmasjonstida minner om dåpen og kva dåpen inneber, er det naturleg at ein ikkje berre ser konfirmanten i relasjon til Gud, men òg i relasjon til medmenneske. Som døypte er vi kalla til å vere lys og salt i verda, og frå ungdomstida er det forventat at ein i større grad blir ein bidragsytar i samfunnet. Dåbspåminninga i

konfirmasjonen må ta inn i seg både den plassen konfirmanten har i Guds rike, og den plassen konfirmanten har i verda.

Den norske kyrkja opplever i større grad i dag enn tidlegare at ungdommar som ikkje er døypte som born, søker til kyrkjeleg konfirmasjon. Mange vel å la seg døype i samband med konfirmasjonstida. Alle som vel den kristne trua og lét seg døype, er ei glede for kyrkja. Samtidig påverkar denne samfunnsendinga korleis både samfunnet og kyrkja oppfattar dåp og konfirmasjon. For somme blir dåpen ein nødvendig del av vegen for å kunne bli konfirmert. Kyrkja held fast på den sakramentale læra som er gitt gjennom vedkjenningskriktene til kyrkja, og held fast ved dåpen som det berande og frelsande elementet i relasjonen mellom Gud og menneske.

Alle er velkomne til å vere med i konfirmanntida. For å vere med i den avsluttande konfirmasjonshandlinga, lyt ein vere døypt, men dåpen er ikkje nødvendig for å delta i konfirmasjonsundervisning og annan aktivitet i konfirmasjonstida. Å la udøypte delta i aktivitetar i konfirmasjonstida er positivt og gir høve for vedkommande til å lære om og bli betre kjend med kyrkja. Vedkommande står dermed betre rusta til ei eventuell seinare avgjerd om å la seg døype.

I møte med udøypte som søker konfirmasjon, vil kyrkja vere raus, inkluderande og ønske velkomen i fellesskapen, men samtidig understreke dåpen som det konstituerande for full deltaking i den kyrkjelege fellesskapen. Dersom nokon gjennomfører heile konfirmasjonstida, men ikkje ønskjer å la seg døype, blir kyrkjelydane oppmoda om å gi desse konfirmantane ei god avslutning på konfirmasjonstida utanom konfirmasjonsgudstenesta.

Konfirmasjon, dåp og nattverd

Konfirmasjon og nattverd har tradisjonelt vore knytte saman, og opp mot vår tid har det vore tradisjon for at ein tek imot nattverd for første gong søndagen etter at ein er blitt konfirmert.

Etter at det i byrjinga av 1990-åra blei opna for nattverd også for born, har nattverdspraksisen i Den norske kyrkja endra seg. Det kjem særleg til syne i frekvensen på nattverdsfeiring i gudstenestene. Også i gudstenester med trusopplæringstiltak blir det ofte feira nattverd, og konfirmantar vil møte til nattverdsfeiring både når dei deltek i ordinære gudstenester, og i særskilde gudstenester i konfirmanntida.

Nattverden er måltidet for fellesskapen av dei døypte. Det er eit sakrament som formidlar den gåva Gud gir oss i Kristus ved krafta til Den heilage ande. I allmenne føresegner for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja heiter det at «alle døypte kan ta imot nattverd».

I konfirmasjonsordninga frå 1981 blei det gitt høve til at dei som enno ikkje var konfirmerte, kunne få tilgjenge til nattverdbordet dersom det var gitt rettleiing om nattverden. Med opninga i 1993 for at born kunne ta imot nattverd, var det ikkje lenger behov for ei slik opning, ettersom nattverden ikkje lenger var knytt til alder, berre til dåp.

Dei tidlegare kyrkjelege ordningane for konfirmasjon og nattverd tek ikkje opp i seg dei to store endringane som har skjedd i Den norske kyrkja i dei seinare åra: Færre blir døypte som born, medan fleire blir døypte i samband med konfirmasjonstida. Samtidig blir det oftare feira nattverd i Den norske kyrkja.

Dåpen og nattverden kan ikkje rivast laus frå kvarandre.

Dei er knytte saman som sakrament som på mange måtar føreset kvarandre: Nattverden er for dei døypte, og dei døypte har eit behov for nattverden. Det vil likevel kunne vere faktorar som påverkar denne forståinga i konfirmasjonstida: Å ikkje la udøypte konfirantar ta del i nattverdsfellesskapen kan verke ekskluderande for dei som er på ein veg mot dåp. Dette tilseier at det i konfirmasjonstida kan vere omsyn som gjer at rekkjefølgja mellom dåp og nattverd ikkje alltid kan haldast ved lag.



Foto: Robert D.T. Holand

Vaksne konfirmanter

Konfirmasjon er i dag lagd opp slik at ein blir konfirmert det året ein fyller 15 år. Det er likevel ikkje noko til hinder for at ein kan bli konfirmert som vaksen. Ofte vil dette vere personar som av ulike årsaker ikkje blei konfirmerte då dei var ungdommar, anten fordi dei ikkje fekk lov, eller fordi dei ikkje ønskte det sjølve. Det kan òg finnast tilfelle der personar blei døypte etter vanleg konfirmasjonsalder.

Konfirmasjonstida er ei tid for å lære om den kristne trua. For dei som blir døypte i vaksen alder, bør det gjennomførast ei dåpsopplæring i forkant av dåpen. Det vil likevel vere eit stadig behov for å lære og samtale meir om trua og truslivet. I mange kyrkjelydar blir det arrangert alfakurs eller liknande.

I tilfelle der personen ikkje er døypt, kan ei konfirmasjonstid for vaksne òg leggjast til rette som ei form for katekumenat.

Dersom vaksne ønskjer å bli konfirmerte, bør kyrkjelyden leggje til rette for at det kan skje på ein god måte, og at det blir laga eit tilpassa opplegg i forkant av konfirmasjonen. Konfirmasjonsgudsteneste for vaksne konfirmanter bør ta utgangspunkt i liturgien i konfirmasjonsgudsteneasta, men tilpassast der det er behov for det.



Foto: Bo Mathisen

Dåp, konfirmasjon og fadderrolla

I dåpen får den døypte fadrar. Det skil seg korleis fadderansvaret blir forstått. Somme forstår fadderansvaret som eit særleg omsorgsansvar som strekkjer seg utover ein dåpsfundert relasjon, og som òg inneber eit sosialt ansvar for den døypte dersom det skulle tilkome foreldra til vedkomande noko.

I Den norske kyrkja si forståing av dåp og fadrar har fadrane to oppgåver: Den første er å vere vitne til at dåpshandlinga er

gjennomført, den andre er å hjelpe den døypte til å utvikle seg og modnast i den kristne trua. Oppgåva som fadder er altså reint kyrkjeleg og gir ingen andre plikter eller rettar til fadrane overfor fadderbarnet. Det er ulik praksis når det gjeld kor tett fadrar er kopla på konfirmasjonen og den avsluttande gudstenesta. I liturgien for presentasjonsgudstenesta blir det bede for «familie, venner og fadrar», og konfirmasjonen blir på den måten knytt til dåpen.



Foto: Bo Mathisen

Konfirmasjon

– eit bilete på Guds nåde

Som ein del av innføringa av konfirmasjonen i Noreg i 1736 følgde overhøyringa av konfirmanthane. Her skulle konfirmanthane vise at dei hadde lært seg dei viktigaste delane av kristen tru og lære, og presten hadde høve til å stryke kandidatar, som då ikkje fekk bli konfirmerte. Dette kunne ha store sosiale konsekvensar, mellom anna knytt til det å søkje arbeid.

Endringane i Den norske kyrkja når det gjeld konfirmasjon, har òg fått konsekvensar for kva ein ventar at konfirmanthane skal prestere i konfirmasjonstida. I dag er det ingen krav til at konfirmanthane skal avlegge noka slags prøve i forkant av konfirmasjonshandlinga, og det einaste kriteriet for å kunne delta i forbønns- og velsigningshandlinga er at ein er døpt. Slik sett dannar konfirmasjonen ei motvekt til eit samfunn som i stor grad er retta inn mot prestasjonar, og blir eit bilete på den nåden frå Gud som er gitt oss. Her blir det ikkje stilt andre krav enn å ta imot det Gud vil gi oss.

Samtidig kan det vere ei spenning mellom korleis kyrkja forstår ein prestasjonslaus konfirmasjon, og dei forventningane som finst i samfunnet til store markeringar av livsritar. Mange stader har konfirmasjonsfeiringa ført til store økonomiske investeringar. Det er viktig at kyrkja lyftar opp at økonomi ikkje skal vere avgjerande for at ein vel å konfirmere seg i kyrkja. Kyrkjelydar må leggje til rette for at økonomi ikkje er til hinder for å delta i aktivitetar undervegs i konfirmasjonstida.



Foto: Kiferådet

Inkluderande konfirmasjon

Konfirmantar har ulike bakgrunn og ber òg med seg ulike livs-
røynsler og livssituasjonar. Kyrkja skal vere inkluderande og ta
imot dei som kjem, på ein god og trygg måte.

Som livsfaserite er konfirmasjon ei familiehending. Tradisjonelt
har slekta samla seg for å feire konfirmanten. Vi lever i ei tid
med ein aukande grad av brotne relasjonar og nye familiekon-
stellasjonar. Somme konfirmantar har to selskap, andre har
ikkje familie å feire saman med i det heile. Dette må kyrkja ta
på alvor. I mange kyrkjelydar reiser foreldre og fadrar seg når
deira konfirmant skal bli beden for, og dette blir opplevd som
ei god og verdig markering som òg gir eit bindeledd til dåpen.
Dersom slike markeringar skal gjennomførast, er det viktig at
det blir gjort på ein måte som ikkje gjer konfirmanten brydd
eller idealiserer ein bestemt familiekonstellasjon.

Konfirmantar har òg med seg ulike kulturell bakgrunn, ulike
seksuell orientering og ulike funksjonsevner. Den kyrkjelege
fellesskapen rommar alle, og ein lyt ta på alvor å leggje til rette
for at kyrkja og konfirmasjonstida blir opplevd som ein trygg
stad som gir høve til å skape identitet og tru i samsvar med dei
føresetnadene konfirmanten har. Kyrkjeleg tilsette må ta på
alvor den utfordringa det er å leggje til rette for at konfirma-
sjonstida er inkluderande, og at kyrkja kan opplevast som ein
åndeleg heim.

Vi er alle like for Gud, utan omsyn til kven vi er, eller kvar vi
kjem frå. Mange stader blir dette synleggjort også ved at alle er
likt kledde i konfirmantkapper.



Foto: Bo Mathiesen

Om konfirmasjonsgudstenesta

Opp gjennom tida er det blitt utvikla mange lokale tradisjonar knytte til konfirmasjonsgudstenesta, og tradisjonar er viktige element i handlinga. Så lenge liturgien for konfirmasjonsgudstenester blir følgd, er det ikkje noko mål å einsrette alle sider ved gudstenesta.

Tidspunktet for konfirmasjon skil seg òg frå stad til stad, og både vår- og haustkonfirmasjon har styrkar ved seg. I dei seinare åra er det òg blitt vanlegare å leggje konfirmasjonsgudstenester til både laurdagar og søndagar. Det gjer det lettare å samle familie og andre som må reise langt. Mange stader medverkar dette òg til at ein ikkje fyller for mange søndagar med konfirmasjonsgudstenester.

Samtidig er det viktig å halde fast ved at konfirmasjon er ein del av dei ordinære aktivitetane og det ordinære gudstenestelivet i kyrkjelyden. For konfirmantar vil det vere ein fordel å møte gudstenestelivet slik det utfaldar seg i kyrkjelyden, og for kyrkjegengarar gir møtet med konfirmantar ei påminning om breidda i kyrkja sitt oppdrag. Det er derfor sentralt at konfirmasjonstida òg gir høve til å vere ein del av den gudstenestefeirande kyrkjelyden.



Foto: Kirkerådet

Etter konfirmasjonen

Den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta er ei avslutning på konfirmasjonstida, men ikkje ei avslutning på trusopplæringa eller behovet for å tilhøyre ein kyrkjeleg fellesskap. Livet i dåpen blir levd heile livet, og truslivet er ein kontinuerleg prosess. Dette er særleg relevant i korleis Den norske kyrkja forstår konfirmasjon. Konfirmasjonen blir ikkje forstått som ei separat handling skild frå den gudstenestefeirande fellesskapen, men som ein integrert del av livet i kyrkjelyden.

Med den breie kontaktflata kyrkja får i samband med konfirmasjonstida, må det gjerast tydeleg at ein kan vere ein del av kyrkjelydsfellesskapen også etter konfirmasjonen. Den avsluttande gudstenesta må derfor ikkje avsluttast med eit dramaturgisk «takk for no», men med ei innbyding til å vere til stades og kjenne tilhøyrslø også vidare. Konfirmantane må få høyre, og oppleve, at dei blir oppfatta som ein del av den kyrkjelege fellesskapen.



Foto: Tommy Normann



Foto: Kikerådet